

Karl Atle og Eva Karin Taule
Radøyvegen 1400
5936 Manger

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Kolstad 23.02.14

Mrk.: Søknad om deling av Gnr. 52 bnr. 2.

Vedlagt utfylte skjema vedkomande søknad om frådelling av tomt på gbnr 52/2 i Radøy kommune.

Historikk

Underteikna Karl Atle Taule overtok småbruket på odell i januar 1985 og dreiv bruket i om lag 6 år. Grunna byte av arbeid som førte til mykje reisefråvær vart drifta avvikla og naboar fekk vederlagsfritt nytte beitemark og delar av dyrka mark vart leigd bort i 2 periodar, den første i 10 år og den neste i 1 år om gangen i 4-5 år. Ein periode på 10 år (1993-2003) vart også utmarksbeite i «fjellet» (52/1, 2, 3 og 4) gitt beiterett mot å setje opp gjerde der, av naboar på Morken.

Det vart ført opp nytt våningshus i 1986 der vi no bur og søker frådelt. Det gamle huset vart leigd bort etter at mor/ svigermor Aslaug Taule døydde i 2011.

Bygningar

Det gamle våningshuset vart oppført under utskiftinga etter 1900 års skiftet og vart ombygd og utvida i 1956. Det vart også installert wc og badekar/dusj. Bislaget var utbetra i 2008. Vassforsyning kjem frå eigen brønn som er delt med det nye våningshuset og det har jamvel i svært tørre somrar vore god kapasitet i denne. Det er tatt vassprøvar som synte god drikke kvalitet.

Driftsbygningen vart oppført i 1928 og seinare ombygd i 1954. Den inndelt med eige fjøs til kyr og eigen del til sau, gris og hestestall. Det er rimeleg god lagringsplass for tørrhøy og det vart bygd silo i betong i 1955.

Bygningane er grunna alderen arbeidskrevjande i forhold til vedlikehald. På våningshuset har vi brukt tid på utvendig vedlikehald som maling og ettersyn av takskifer/ plattlodd på skorstein og det er malt og stelt innvendig. Huset har vore leigd ut siden årsskiftet 2011/2012. Driftsbygningen har svært dårlig kledning i nord og då risiko for lekkasje av tak auka vert det no lagt nytt platetak i galvanisert stål. Dette arbeidet vert leigd inn.

Vi har vurdert framtidig bruk i familien og det er no ingen av borna som har interesse for å flytta heim og overta bruket. Dermed er også vår eiga interesse for å bruke store ressursar på vedlikehald og eventuell opprusting redusert.

Arrondering

Bruket er i underkant av 70 da og har felles beite i «fjellet» med bruknr 1, 3 og 4. Tilkomst til dette arealet går over bruk nr. 1.

Utmarka er i nord-aust og grensar til overflatedyrka jord og beite på nord-austsida av fylkesvegen. Største delen av dyrka mark er delt av fylkesvegen.

Ein del av dyrka mark ligg i grensa til naboar i vest og mot nord. Dette terrenget heng saman med dyrka mark langs fylkesvegen.

Det arealet som er søkt frådelt ligg i hjørnet mot nabogrensa i sør og er i stor grad utgjort av småknausar, skråningar og berg i dagen. Etter søkjar si vurdering har dette arealet svært liten bruksverdi i landbrukssamanheng. Dette går også fram av situasjonskartet.

Vegtilkomst går gjennom det eksisterande tunet og det er i søknaden vist mulig ny trase for å unngå dette. Den mulige alternative traseen er også årsak til at søkjar ynskjer å dele frå arealet som er sør for tilkomstvegen til det gamle våningshuset.

Driftsbygningen ligg tett opp til det gamle våningshuset og er skjerma for det nye våningshuset av ein haug.

Det frådelte arealet vil få felles grense med frådelt tomt (52/19) på bnr 5.

Etter vår vurdering med merknader som omtalt over, vil frådeling ikkje føre til redusert driftsverdi av bruket som uansett er svært avgrensa i forhold til dagens krav til inntekter.

Med helsing



Karl Atle og Eva Karin Taule